

# Samarbeidsavtale mellom kommunal teneste med ansvar for personar med utviklingshemming og Den offentlege tannhelsetenesta i ..... kommune

Kommunehelsetenesta med omsorg for personar med utviklingshemming sitt ansvar:

- Delta på årlege samarbeidsmøte med tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta kallar inn til møte og skriv referat.
- Informere brukarar om tilbodet frå tannhelsetenesta, innhente samtykke der det er nødvendig, og gi tilbagemelding til tannhelsetenesta.
- På førespurnad informere tannhelsetenesta om talet på registrerte personar med utviklingshemming i kommunen. Tannhelsetenesta skal også informerast om brukarar som har flytta eller har gått bort.

- Etablere og kvalitetssikre eit system der brukaren får ivaretatt sitt daglege munnstell. Brukaren sitt behov for hjelp til tann og munnstell skal først elektronisk i tiltaksplanen.
- Sørge for at brukaren har nødvendig utstyr til tann og munnstell. Omsorgspersonalet/primærkontakt skal følge gjeldande tann og munnstell-prosedurar etter veiledning og informasjon frå tannhelsetenesta.
- Kalle inn tannhelsetenesta til ansvarsgruppemøte ved behov.

## Den offentlege tannhelsetenesta sitt ansvar:

- Kalle inn til samarbeidsmøte mellom tenesta med ansvar for personar med utviklingshemming og tannhelsetenesta 1 gong pr. år. Tannhelsetenesta har ansvar for å avtale møtedato og skrive/sende møtereferat.
- Sørge for at registrerte brukarar får nødvendig tilsyn og tannbehandling ut frå sin helsetilstand/diagnose.
- Vere merksam på om brukaren har samtykkekompetanse. Brukaren har ikkje samtykkekompetanse dersom det er openbart at han ikkje er i stand til å forstå konsekvensar av samtykket og heller ikkje klarer å ta ei avgjerd ut frå informasjonen som blir gitt. Dette vil variere frå person til person, og må vurderast individuelt ut frå ei konkret heilskapleg vurdering (Helsedirektoratet, Rundskriv IS-8/2015).
- Auke kompetansen til omsorgspersonar/primærkontaktar i praktiske tannhelsetiltak ved å gi regelmessig undervisning, informasjon og veiledning i tann og munnstell. Tannhelsetenesta skal føre deltakarliste og gi tilbakemelding til leiar for tenesta.
- Følge opp den enkelte brukar etter behov. Gi opplæring i tann og munnstell til brukar og primærkontakt. Gi tilbakemelding til heimen/bustad.

Dato: ..... Sign: .....

Leiar for tenester med ansvar for personar med utviklingshemming

Dato: ..... Sign: .....

For tannhelsetenesta/klinikkleiar/overtannlege

